

# «DRØYMEPLASS» TIL SALGS



Etter 14 års drift på **LØRGE HESTALSGARD** ynskjer vi å gje verksemda over til nye folk. Ingen i familien vil overta, og vi er derfor interessert i kontakt med folk som vil satse vidare.

**LØRGE** ligg sentralt men likevel for seg sjølv millom Skoppum og Horten. Landskapet er kupert, variert og frodig og høver svært godt til hestedrift. Heile gardsdrifta er lagt opp til dette. Fleire naboeigedomar har liknande opplegg både for trav- og galopphestar, og medvirkar til triveleg miljø og godt samarbeid.

Til **LØRGE** høyrer det med 90 da dyrka jord, 290 da skog/utmark. Stor eldre bustad, eldre stall med 20 boksar, ny stall med 8 boksar og 2 store bingar for lausdrift, i tillegg alle nødvendige rom til for utstyr m m. Treningsanlegget omfattar 700 m rettbane og 4 km treningsløype, i tillegg stor «gummigrop» og mange og ulike luftegardar/beite.

**LØRGE** ligg lagleg i høve til marknad for hestesport og tilgang på fagfolk. Ulike typer veterinærhjelp, dyktig hovslager, transportør og utstyrsleverandør, er knytt opp mot miljø kring dei fem travbanane Klosterskogen, Jarlsberg, Drammen, Bjerke og Momarken. Desse ligg frå 0,5 til 1,5 times køyring frå Lørge.

Verksemda på **LØRGE** har vore tufta på avl, oppdrett, oppstalling, temming og trening av varmlblods og kaldblods travhestar. Ved full drift har vi hatt 45 hestar om vinteren, og noko fleire i avlssesongen. Tilgang på hestar og kundar er god. Det er trong for å heve standarden på delar av anlegget, samt utvikle servicetilbodet.

Dette er eit friviljug salg der både pris, finansiering og opplegg blir vurdert. Prisen bør omfatte alt frå fast eigedom til driftsutstyr, buskap og «goodwill». Tidspunkt for overtaking og moglege overgangsordningar kan drøftast. Eigedomen er odelsfri men konsesjonspliktig.

Dersom salg ikkje kjem i stand, er samarbeid med investor som har lyst, erfaring og ressursar til å utvikle anlegget vidare også av interesse.

**Seriøst interesserte bør ta kontakt innan 31/5-09.**



Lørge Hestalsgard  
v/Lars O Romtveit  
3185 Skoppum  
Tlf 33 07 04 99 – Mob 924 90 499  
[www.larsoromtveit.no](http://www.larsoromtveit.no)

